

# Saksframlegg

<b>Saknr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Tenesteområde Plan, utbygging og kommunalteknikk	Anny Bastesen			
Avgjerslemynde:	Kommunestyret	Sak Id:	18/2739	Klassering:	

## Adresseendringar i Meland før kommunesamanslåing

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunane Lindås, Meland og Radøy har sidan det massive adresseprosjektet i Nordhordland starta på begynnelsen av 2000 -talet, hatt eit samarbeid for å unngå like adressenamn i regionen Nordhordland og Gulen. Dette samarbeidet har fungert godt i dei fleste tilfella, men vi ser at denne rutinen kanskje har svikta i enkelte tilfelle. Det finst derfor adressenamn som har liknande ordlyd eller som har utgangspunkt i like stadnamn, men som er lokalisert i ulike kommunar. Når desse kommunane no skal bli til Alver, har den administrative programleiinga for kommunesamanslåing bedt ei felles arbeidsgruppa for matrikkel om å sjå på desse liknande namna og vurdere omadressering der det er nødvendig.

Leiar for matrikkelgruppa var i møte i fellesnemda i mars og orienterte om adressenamn som burde vurderast. Ei tilråding på kven av desse som bør endrast vart lagt fram i fellesnemda i møte 03.09.2018. Fellesnemnda slutta seg til tilrådinga.

Sjølve omadresseringsprosessen er eit relativt omfattande arbeid, og saka blir derfor lagt fram for kvart kommunestyre føre arbeidet startar.

#### Vurdering

Arbeidsgruppa for matrikkel har gjort ei vurdering av 19 tilfelle av likskapar mellom adressenamn.

Omadresseringar bør ikkje utførast dersom det ikkje er nødvendig. Personar som har hatt ei adresse i årevis, kan oppleve det som ei belastning å endra adresse, og mange kjenner ein identitet til adressa si. For firma/ skular/ offentlege instansar o.l. som har ei adresse som er godt kjent, og som gjerne er trykt på konvoluttar og anna materiell, kan det vera uheldig og kostbart med adresseendringar.

Arbeid med å finna nye adressenamn og få godkjent skrivemåte til desse, er arbeids- og tidkrevjande. Nye adressenamn skal godkjennast av stadnamnkonsulent i kartverket og godkjennast i kvar enkelt kommunestyre, dersom dette skal utførast før Alver kommune er operativ. Det er vidare ei omfattande saksbehandling knytt til adresseendringar; etter at nye adressenamn er godkjent skal dei

berørte partane ha førehandsvarsel, deretter vedtak om omadressering, med klagerett, og eventuell klagebehandling.

Kommunen må også ta kostnadene med innkjøp og utsending av nye husnummerskilt, og oppsetting av nye tilvisingsskilt og adressenamnskilt.

Fellesrådet har slutta seg til ei tilråding på dei adressenamna som det er mest nødvendig å endre før vi blir Alver kommune. Arbeidet kan eventuelt halde fram i Alver kommune, for dei øvrige namna.

Årstal for oppretting av adressenamnet, tal adresseeiningar og muligheit for innlemming i andre adresseparsellar har vore element i vurderinga.

Adressenamna Langhøyane ( R ) og Langheiane ( L ) er i ei særstilling, då desse namna er veldig like og begge har mange adresser tilknytt. Her må det finnast eit nytt namn for eitt av adressenamna.

Langhøyane, frå før 2000, er eit større etablert bustadfelt på Manger med 60 tilknytt adresser.

Langheiane som vart vedtatt i 2012, er feltet som har avkøyring frå Lonsvegen i Knarvik og har 109 adresseeiningar.

Liste over dei 19 adressenamna som fellesnemnda har vurdert:

	<b>Adressenamn 1</b>	<b>Adressenamn 2</b>	<b>Vurdering</b>	<b>Tilråding</b>
1	Langhøyane ( R )	Langheiane ( L )	Langhøyane (frå før 2000 med 60 adr) er eit stort etablert bustadområde på Manger. Langheiane (frå 2012 med 109 adr) er eit stort nytt bustadfelt i Knarvik. Framl. til namnet Langheiane vart ikkje sendt ut på høyring til dei andre komm. slik det skulle.	Her må det finnast eit nytt namn for ei av adressene. Ut i frå tidspunkt for etablering av adressene, og manglande høyring av adressa Langheiane, er tilrådinga at Langhøyane ( R ) består og at det vert vedtatt nytt adresse-namn for Langheiane ( L).
2	Kolås (R)	Kolåsvegen (L)	Kolås i Radøy (frå 2005 med 9 adr) og Kolåsvegen i Lindås (frå 1977 med 44 adr)	Adressa Kolås i Radøy går ut og vert adressert som sideveg til Radøyvegen-oddetal.
3	Kvernhusvegen ( R )	Kvernhusmyrane, -haugane ( L )	Det er eit eige vedtak i Lindås på at Kvernhusmyrane (frå 1981 med 31 adr) og Kvernhusaugane (frå 1984 med 32 adr) skal endrast til Rådhusvegen. Det er mykje som skal skje i dette området i	Eventuell omadressering av Kvernhusvegen i Radøy (frå før 2000 med 18 adr) vert avventa til namneendring for Kvernhusmyrane, -haugane i Lindås er avklart.

			Knarvik, så her må det heilt sikkert omadr. til med tida.	
4	Nedre/Øvre Soltveit(R)	Soltveitvegen ( L)	Her vurderer ein at det ikkje er så stor fare for forveksling.	Omadresserer ikkje i denne omgang.
5	Askelandsvegen, -neset ( R)	Askelandsvågen ( L)	Askelandsvegen (frå 2005 med 37 adr) og Askelandsneset (frå 2005 med 16 adr.) i Radøy har til saman over 50 adr, medan Askelandsvågen i Lindås (frå 2006 ) har 9 adr.	Adressa Askelandsvågen i Lindås går ut og vert adressert som sideveg til Stranda - partal.
6	Hellandsneset ( R)	Hellesneset ( L)	Hellandsneset i Radøy (frå 2005 med 24 adr) og Hellesneset i Lindås (frå 2006 med 33 adr) Dette er nokså likestilt og ein bør velja omadressering av det eine namnet	Adressa Hellesneset i Lindås går ut. Her må det vedtakast nytt adressenamn.
7	Hellevarden ( R)	Helleåsen ( L)	Hellevarden i Radøy (frå 2010 med 12 adr.) og Helleåsen i Lindås (frå 2014 med 21 adr.) Her kan dei 12 adr. i Hellevarden inngå i Radøyvegen.	Adressa Hellevarden går ut og vert adressert som sideveg til Radøyvegen- partal.
8	Sætrevegen ( R)	Sætrevikvegen, -marka (M)	Her vurderer ein at det ikkje er så stor fare for forveksling.	Omadresserer ikkje i denne omgang.
9	Jonsokhøyen ( R)	Jonsokgrenda (M)	Jonsokhøyen (frå før 2000 med 23 adr.) og Jonsokgrenda (frå før 2000 med 17 adr.) For Jonsokgrenda i Meland må det eventuelt vurderast nytt namn då det ikkje er ledige adr i tilliggjande Frekhaugskogen.	Adressa Jonsokhøyen i Radøy går ut og vert adressert som sideveg til Prestmarkvegen.

10	Skjelvik ( R)	Skjeljevikanne (M)	Her vurderer ein at det ikkje er så stor fare for forveksling.	Omadresserer ikkje i denne omgang.
11	Juvikstølen (L)	Juviknipa (M)	Juvikstølen (frå 1977 med 37 adr - ma fleire skular). Juviknipa (frå før 1980 med 48 adr.) Her er mange adr tilknytt begge adressenamna. Adr. er godt innarbeidd og kjende i begge kommunane.	Ut frå ulik ending på adressenamnet og m.o.t. omfanget av ei omadressering, vurderer ein at det ikkje er veldig stor fare for forveksling og omadresserer ikkje i denne omgang.
12	Galteåsen ( L)	Galtenesvegen ( M)	Her vurderer ein at det ikkje er så stor fare for forveksling.	Omadresserer ikkje i denne omgang.
13	Lyngvegen ( L)	Lyngnesvegen (M)	Lyngvegen i Lindås (frå 1977 med 38 adr.) og Lyngnesvegen i Meland (frå 2005 med 13 adr.) Her tilrår ein at Lyngnesvegen i Meland vert omadressert.	Lyngnesvegen i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn.
14	Bjørndalen ( L)	Bjørndalsvegen (M)	Bjørndalen i Lindås (frå 2006 med 15 adr) og Bjørndalsvegen i Meland (frå 2005 med 28 adr.)	Adressa Bjørndalen i Lindås går ut og vert omadressert som sideveg til Eidavegen-partal.
15	Lonsvegen (L)	Lonerenen (M)	Her vurderer ein at det ikkje er så stor fare for forveksling.	Omadresserer ikkje i denne omgang.
16	Krossleitet (L)	Krossneset ( M)	Krossleitet i Lindås (frå 1984 med 32 adr.) og Krossneset i Meland (frå 2005 med 13 adr.) Alternativ til nytt namn er å nytte adr. Rosslandsvegen i Meland, noko som er litt unaturleg ved plasseringa på Flatøy.	Adressa Krossneset i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenamn.
17	Kyrkjevegen ( L)	Kyrkjesundvegen(M)	Her vurderer ein at	Omadresserer ikkje i

			det ikkje er så stor fare for forveksling.	denne omgang.
18	Nordgardsvegen (L)	Nordgardshaugen (M)	Nordgardsvegen i Lindås (frå 2006 med 17 adr.) og Nordgardshaugen i Meland (frå før 2000 med 93 adr.)	Adressa Nordgardsvegen i Lindås går ut og vert omadressert som sideveg til Kleivdalsvegen - oddetal.
19	Fagervollen (L)	Fagerbakken (M)	Fagervollen i Lindås (frå 1984 med 47 adr) og Fagerbakken i Meland (frå før 2000 med 26 adr.) Fagerbakken i Meland må omadresserast. Det er ikkje rom for å knyta desse på annan adresseparsell.	Adressa Fagerbakken i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenamn.

### Vidare saksgang

Saksgangen ved tildeling av adresser og val av adressenamn følgjer forskrifta til matrikkellova § 50 og lokal forskrift (adresseforskrift) § 4, som gjeld for kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy kommunar. Nye adressenamn skal på høyring lokalt, m.a. til aktuelle uttrykkingsetatar, godkjennast av stadnamnkonsulent i kartverket og så godkjennast i kvar enkelt kommunestyre. Kartverket har laga ein eigen Adresserettleiar for saksgangen. Kvar kommune følgjer etablert praksis i høve til kva avdeling i administrasjonen som har ansvaret for saksbehandlinga.

Etter at nye adressenamn er godkjent skal dei berørte partane ha førehandsvarsel om adresseendring, med høve til å uttale seg. Kommunen tildeler adresse. Det er høve til å klage på sjølve nummertildelinga eller kva for veg huset skal ha adressetilknytning til, men ikkje på adressenamnet.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

### Konklusjon

Fellesnemnda følgde tilrådinga frå programansvarleg i møtet 03.09.2018, som lista opp i tabellen over. For gjennomføring av omadresseringane må kvart kommunestyre gjere vedtak om endring av adressenamn i eigen kommune.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret sluttar seg til at det blir starta eit omadresseringsarbeid i Meland der følgjande adresser vert vurdert, i samsvar med tabellen i saksutgreiinga og i tråd med saksgangen som det er gjort greie for:

Lyngnesvegen, Krossneset, Fagerbakken»

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost